

Referat frå foreldremøtet for 2A

Dato: måndag 26. august 2023

Tid: 17.00-18.30

Referent: Sarita Hauge Aasgård

Saksliste:

- Informasjon om klassen
- Tolærarsystem – korleis organiserer og styrker vi klassen?
- Lekser og oppfølging
- Symjing
- Matboksen
- Val av ein klassekontakt (2 år)
- Eventuelt/diverse

Informasjon om klassen

I haust startar vi opp med 17 elevar i klassen, 7 jenter og 10 gutter.

Vi har hatt ein fin oppstart og klassen var klare for eit nytt skuleår. Vi har hatt nokre fine veker saman der vi har jobba med gamle og nye rutinar. Klassen har laga klasseregler, hatt fokus på det sosiale i klassen, jobbar med læringsven og blitt kjend med Hilde som er tolærar i klassen. I kroppsøving er det Tove som har elevane.


Klassetelefonen skal kun nyttast til akutte behov. Alt anna skal sendast i Visma appen eller på mail. Om ein plutselig må hente eleven grunna ein legetime eller anna akutt kan ein sjølvsagt sende melding/ringe på klassetelefonen.

Passordet på skulen si heimeside er det same som i fjor. Det blir sendt ut fellesmelding på visma med passordet slik at alle har det.

Sarita har som mål om å legge ut «månadsbrev» kvar månad med informasjon om kva klassen har gjort på, kva som rører seg og med litt bilete. Desse blir lagt ut på 2A si side og ikkje som eit dokument.

Timeplanen: all norsk og matematikk er lagt opp frå måndag til onsdag grunna tolærarsystemet og fordi Sarita har studiedagar torsdag og fredag. Vi varierer undervisninga slik at det ikkje skal bli tungt fagleg for elevane desse dagane.

Viktig at meldingar om ting som skal skje torsdagar og fredagar blir sendt til timelærarane, då Sarita ikkje er på skulen. Vel faglærar når du skal sende ein melding. Sjå biletet under.



Tolærarsystem – korleis organiserer og styrker vi klassen?

Tolærarsystemet er eit studie som har blitt gjort over tid og med fleire hundre klassar. Skulen har valt å teste ut ordninga på 1. og 2. trinn med fokus på tettare oppfølging av begynneropplæringa. I faga norsk og matematikk vil det vere to pedagogar som har ansvar og skal arbeide saman for å støtte, trygge og hjelpe elevane.

Sidan dette er nytt er vi i ein oppstartsfasa der vi blir kjende med kvarandre og finner ut korleis vi kan organisere undervisninga på best mogleg måte. Både Hilde og Sarita har like stort ansvar for timane og deler på arbeidet og planlegginga. Vi visar klassen at vi stillar likt og det er ikkje berre ein vaksen som bestemmer. Vi tek avgjeringar saman for å få til ein tettare oppfølging av elevgruppa.

Lekser og oppfølging

I år nyttar vi læreverka Salto og Multi.

Leseboka i norsk kan liggje heime inntil vidare. Hilde og Sarita leser ein til ein med elevane og vi har fleire eksemplara på skulen som kan nyttast når vi har felleslesing. Salto består av 3 nivå. Ein tilpassar samen med eleven ut i frå kor langt ein er kome i leseutviklinga. Skulen skal også veilede og kan komme med anbefalingar om kva nivå ein tenkjer eleven skal lese. I skrivatelekse er det kun blyantspørsmålet som skal svarast på skriftleg i skriveboka. Snakkebobla er til munnleg refleksjon. Sidan Sarita er vekke to dagar i veka har klassen to skrivebøker: partals- og oddetalsveke. Dette er for at dei skal få ein ordentleg tilbakemelding.

I matematikk ønskje vi at de lar elevane prøve å lese oppgåvene sjølve. Ein skal sjølv sagt hjelpe dei, men det er viktig at elevane får trena på å lese i matematikken også. På skulen nyttar vi dei matematiske omgrepa når vi gjennomgår dei ulike emna og snakkar matematikk. Bruk gjerne dette heime også.

Symjing

I år er trinnet delt inn klassevis i symjing. Vi opplever at klassane ofte kjenner seg tryggare når dei er klassevis enn i grupper på tvers av trinnet. Alle klassane skal ha like mange gonger med symjing, og det vil kome ei ny liste etter jul.

Det er viktig at elevane har med seg det dei trenger til symjinga, badehette, badetøy, handkle og såpe. Symjebriller er lov, men ikkje dykkertmaske. Det blei nemnt at «tøybadehetter» er til å anbefale, då dei er enklare å få på. Om ein har gløymt badetøy/badehette må ein likevel vere med klassen ned og sit på sida av bassenget.

Om nokon skulle kvi seg for å ha symjing, ver snill å ta kontakt slik at vi skal legge til rette og trygge dei i forkant.

Det var spørsmål omkring temperaturen i bassenget og etter ein samtale med Folkehøgskolen fekk vi til svar at temperaturen ligg på 27,5 grad. Det er det normale temperaturen i vatnet. Det er naturleg nok individuelt korleis temperaturen på badevatnet påverkar oss og kor varmt ein ønskjer å ha det. Etter ein samtale med dei andre vaksne på trinnet tenkjer vi at alle stiller med vanleg badetøy den fyrste gongen og om det skulle vise seg at nokon treng tilpassingar, gjer vi det.

Folkehøgskolen legger ved ein veiledande temperatur:

Veiledende temperaturer sier dette:

26 grader: Føles kaldt og krever tilvenning for å komme uti, men er perfekt for aktiv trening. Blir for kaldt til lek.

28 grader: Føles kjølig, men god temperatur til lek og vanlig aktivitet.

Matboksen

Elevane er nysgjerrige på kvarandre sin matboks og vi har hatt gode samtalar om kva ein har lov og ikkje har lov til å ha i matpakken. Dei er veldig reflekerte over emnet. Nokre gonger kan matboksen vere spennande og andre gonger kjedeleg. Det viktigaste er at den er sunn, godt og mettar eleven.

Val av ein klassekontakt for 2 år

Ingeborg, mor til Halvard, melder seg som ny klassekontakt. Slik ser oversikten ut:

Klassekontakt	Hege, mor til Olander – 1 år Ingeborg, mor til Halvard – 2 år
FAU	Nikolai, far til Sara Elise – 1 år Olivia, mor til Heidi – 1 år